

# Norsk historisk normeringsordbok

Sturla Berg Olsen, Knut L. Rasmussen & Dagfinn Rørdam

In this paper we present ideas for a historical dictionary of the two Norwegian written standards, Bokmål and Nynorsk. Such a dictionary resource would compile the necessary information from disparate sources in one place and make it available and easily searchable. The dictionary would contribute to the documentation of the recent history of written Norwegian. Furthermore, it would meet the needs of the interested public and serve as an important reference tool for the Language Council of Norway when considering adjustments of the norms in the future. The project is complicated by the many orthography reforms throughout the 20<sup>th</sup> century and the multitude of changes in orthography and inflection for both Norwegian standards.

## 1. Innleiing

I denne artikkelen vil vi diskutere ein idé vi har om å opprette ein database med informasjon om rettskrivingshistoria til moderne norsk, med arbeidstittellen *Norsk historisk normeringsordbok* (NHN). Vi er alle tre tilsette i Språkrådet i Noreg, som er statens fagorgan for språkspørsmål. Som forgjengarane Norsk språknemnd (1952–1972) og Norsk språkråd (1972–2005) har Språkrådet mellom dei viktigaste oppgåvene sine å stå for normeringa av dei offisielle målformene bokmål og nynorsk og å informere folk om språkspørsmål, inkludert normtilhøve.

Nordmenn flest er svært interesserte i språkspørsmål, og etterspørselen er stor etter nettressursar der folk kan finne svar på spørsmåla sine. Vi meiner ein database som gjer det mogleg å følge stave- og bøyingsmåten av enkeltord gjennom normeringshistoria vår, kan fylle eit behov både for den språkinteresserte nordmannen og for Språkrådet.

## 2. Kvifor treng vi ei norsk normeringsordbok?

Svartenesta i Språkrådet får ofte spørsmål som handlar om rettskriving. Ikkje sjeldan har spørsmåla ein historisk dimensjon ved seg, til dømes ved at spørjaren lurar på når ein viss skrivemåte vart innført, eller når det ikkje lenger vart lov å skrive slik eller slik. Også grammatiske spørsmål kan ha den same historiske dimensjonen og handle om tidspunkt for innføring eller avskaffing av bøyings- eller avleiingsendingar i skrift.

Det er ikkje så rart om folk stiller oss desse spørsmåla. Noreg har ei moderne språkhistorie der språkreformer og rettskrivingsvedtak har kome tett. Etter at Stor-

tinget i 1885 vedtok at Noreg skal ha to likestilte norske skriftspråk, har vi til saman hatt tolv ulike skriftnormalar for norsk, seks for bokmål og seks for nynorsk. Frå 1917 og meir enn eit halvt hundreår framover var skriftnormalane dessutan prega av mange valfrie alternativ både i rettstaving og i bøyning og avleiing av ord. Det var særleg målet om å føre bokmål og nynorsk nærmare kvarandre, den såkalla samnorskpolitikken, som førte til dei mange valfrie formene, og tanken var at om ein gjorde det valfritt å skrive orda likt eller likare i begge målformene, ville folk nytte seg av det. Ein annan måte å føre språka saman på, var å forby skrivemåtane som var mest ulike i målformene, og også det vart gjort.

Etter at samnorskpolitikken vart nedtona mot slutten av nittenhundretalet og etter kvart avvikla, har det vore eit mål å redusere talet på valfrie alternativ i begge målformene, men det er framleis relativt stor valfridom i både bokmål og nynorsk. Valfridomen er i dag i hovudsak begrunna med pedagogiske argument og identitetsargument. Det skal eit stykke på veg vere mogleg for alle å skrive om lag slik dei snakkar.

Dagens normer kan ein slå opp i ordbøkene for å finne, men det kan vere vanskeleg for folk å få eit godt oversyn over rettskrivingshistoria til eit ord. Skrivemåten kan ha endra seg, eventuelt i fleire steg, og ein eldre skrivemåte kan igjen ha vorte tillaten etter å ha vore i strid med offisiell rettskriving ein periode. I dag har vi ikkje nokon stad der denne informasjonen er samla og søkbar.

Også for oss i Språkrådet vil ein base med slik søkbar informasjon bli ei god hjelp. Dels vil vi kunne få eit nyttig verktøy å bruke når vi svarar på spørsmål frå folk, men ei normeringsordbok kan i tillegg gi viktig informasjon for Språkrådet i arbeidet med den vidare normeringa av bokmål og nynorsk. Kunnskap om tidlegare praksis kan vere ein sentral del av grunnlaget for nye vedtak. Ei historisk normeringsordbok vil derfor utgjere ein samla ressurs det er stort behov for, men som vi ikkje har tilgang til i dag.

### 3. Førebilete i Danmark og Sverige

Både i Danmark og Sverige er det oppretta databasar der ein kan søke etter noko av informasjonen vi er ute etter, for dansk og svensk. Danske RO<sub>hist</sub> inneheld om lag 64 000 opplagsord, medan svenske SAOL<sub>hist</sub> har om lag 200 000.

Det er Dansk Sprognævn som står bak RO<sub>hist</sub>. I basen kan ein søke i dei fem utgåvene av *Rettskrivningsordbogen* frå 1955 til 2012. Desse er søkbare frå basens søkefelt. I tillegg er fem eldre rettskrivningsordbøker frå 1872 til 1946 skanna slik at ein kan slå opp og bla i dei, men dei er ikkje søkbare frå søkefeltet. Søkeresultatet blir presentert i ei tidslinje der berre det reine oppslaget kjem opp, utan fleire opplysningar. Fulle opplysningar får ein på ein faksimileversjon av ordboksida som ein kjem til ved å klikke på ordet i den aktuelle utgåva. Det er berre stavemåten av ordet som blir vist i tidslinja. Det er ikkje mogleg å få opp noko samla oversyn over orda med bøyings-, uttale- eller tydingsopplysningar.

SAOL<sub>hist</sub> er ein søkbar database over alle oppslagsord som har funnest i minst éi utgåve av *Svenska Akademiens ordlista* frå 1874 til 2015. Basen inkluderer også *Ordbok öfver svenska språket* av A. F. Dalin (1850–1853). Det ein først og fremst kan finne i basen, er opplysningar om korleis ord vart stava i dei ulike utgåvene, når dei kom inn i SAOL første gongen og eventuelt når dei forsvann ut. Visinga er om lag den same som i RO<sub>hist</sub>, og det er berre stavemåten som er vist i tidslinja. Heller ikkje her får ein noko samla oversyn over bøyning eller tyding.

Oppsettet med vising i tidslinja er eit format det kan gå an å bygge på i NHN. Det vi særleg kan tenke oss å utvikle vidare, er moglegheitene for å få opp fleire opplysningar i tidslinja, slik at ein ikkje treng å gjere fleire operasjonar for å skaffe seg eit bilete over rettskrivings- og bøyingshistorikken til eit ord.

## 4. Kjelder til normering av norsk

Eit hovudmål med å lage ei norsk historisk normeringsordbok er å samle informasjon som er spreidd over mange kjelder, på éin stad. Normeringa av dei to norske målformene har opp gjennom åra skjedd på fleire måtar, og ein kan òg snakke om fleire nivå av normering. I dokumentet *Retningslinjer for normering* frå 2015 trekkjer Språkrådet opp eit skilje mellom eksplisitt normering og implisitt normering. Det eksplisitt normerte ordtilfanget finst ifølgje dokumentet i desse kjeldene (Språkrådet 2015:6):

- ordbanken for bokmål og ordbanken for nynorsk
- tidlegare rettskrivingsvedtak og avgjerder som ikkje strir mot den seinaste normeringa
- ordlister og ordbøker til skulebruk som Språkrådet har godkjent
- normative publikasjonar frå Språkrådet

Med implisitt normering er det tenkt på språket i dei læremidla (først og fremst lærebøker) som vart gjennomgatte og godkjende av Norsk språknemnd og Norsk språkråd mellom 1952 og 2000. Når ei lærebok kom på trykk i denne perioden, var språket i læreboka per definisjon godkjent som normert.

Nedanfor ser vi litt nærare på dei ulike typane normeringskjelder som finst og som er aktuelle som grunnlagsmateriale for NHN.

### 4.1. Innstillingar og vedtak i høve rettskrivingsreformer

I samband med alle dei større rettskrivingsreformene på nittenhundretalet vart det gjort forarbeid av ei eller fleire nemnder. Nemndene publiserte rapportar og innstillingar der dei gjorde greie for endringane dei ønskte, og – i varierende grad

– for argumentasjonen bak endringsframlegga. I den grad desse innstillingane faktisk vart vedtekne, vil dei sjølvsagt danne eit svært sentralt grunnlagsmateriale for normeringsordboka. Samstundes går innstillingane ikkje i djupna slik ei rettskrivingsordbok eller -ordliste kan gjere. På mange måtar kan ein seie at innstillingane i samband med reformene staka ut dei store linjene, medan det vart ei oppgåve for ordlisteredaktørane å meisle ut dei ulike reformene i praksis.

## 4.2. Godkjende ordlister og ordbøker

Som nemnt i retningslinjene for normering (Språkrådet 2015) er det Norsk ordbank som i dag er den sentrale kjelda for gjeldande normering av norsk. Ordbanken er samansett av to databasar, ein for bokmål og ein for nynorsk, som begge inneheld ei stor mengd lemma med informasjon om normert skrivemåte og bøyning. I skrivande stund er det registrert drygt 150 000 lemma i ordbanken for bokmål og ca. 250 000 lemma i ordbanken for nynorsk. Til samanlikning inneheld *Bokmålsordboka* berre ca. 60 000 lemma og *Nynorskordboka* ca. 90 000 lemma. Begge desse ordbøkene hentar i dag informasjon om staving og bøyning frå ordbanken. I Norsk ordbank er det òg lagt til rette for registrering av historisk normering. Førebels er dette systemet utnytta i liten grad, men det er mogleg å spore nyare endringar, til dømes endringar i samband med den siste reforma for nynorsk i 2012.

For historiske normeringsdata er ordlister og ordbøker som har vore godkjende av Norsk språknemnd, Norsk språkråd og Språkrådet til skulebruk, heilt sentrale kjelder. Etter kvar rettskrivingsreform har det vore behov for nye ordlister, og som nemnt ovanfor er det i stor grad nettopp skuleordlistene som har tolka normene og meisla dei ut i detalj lemma for lemma. Ordlistar til skulebruk er stort sett nokså tynne, men vi har òg meir omfattande ordlister og ordbøker, som *Norsk rettskrivningsordbok* av Sverdrup og Sandvei, først gitt ut i 1940 og seinare døypt om til *Tanums store rettskrivningsordbok*, og *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, som begge kom ut første gong i 1986.

For at ein skal kunne dra nytte av ordlister og ordbøker i ei historisk normeringsordbok, er det ein føresetnad at dei er digitaliserte. Ved Universitetet i Oslo er det allereie gjort mykje for å digitalisere og indeksere ordlister frå 1900-talet, jf. Grønvik & Ore (2018; denne utgivinga). I del 5 nemner vi døme på ordlister og ordbøker som bør tene som grunnlag for normeringsordboka.

## 4.3. Einskildvedtak

I tillegg til dei store rettskrivingsreformene har det frå 1950-åra og frametter vorte gjort ei rekkje normeringsvedtak som omfattar anten einskilte ord eller grupper av ord. I nokre tilfelle er det òg snakk om systemendringar som omfattar svært mange ord, til dømes alle hokjønnsstaktiv i bokmål eller alle sterke hokjønnsstaktiv i nynorsk.

Einskildvedtaka er kunngjorde i årsmeldingane frå Norsk språknemnd, Norsk språkråd og Språkrådet, som vart publiserte på papir frå 1952 til 2006. Årsmeldingane er digitaliserte og ligg per i dag tilgjengelege i pdf-format på internett, men dei er ikkje søkbare. Språkrådet arbeider for å gjere årsmeldingane og vedtaka meir tilgjengelege og søkbare i ein såkalla vedtaksdatabase. Planen var opphavleg å lenke normeringsvedtaka til Norsk ordbank, men i ein del tilfelle viser det seg vanskeleg å knyte eit vedtak til eitt konkret lemma. Nokre av vedtaka gjeld svært mange lemma, og nokre av dei er utforma som opne reglar som kan omfatte ei ukjend mengd lemma, slik som dette frå årsmeldinga for 2000, side 13:

Verb som er laga av substantiv med valfri enkeltkonsonant/dobbelkonsonant i utlyd, skal ha obligatorisk dobbeltkonsonant, eksempelvis *handikap(p) > handikappe*

Informasjon om rettskrivingsvedtak frå 2014 og framover er i dag å finne på Språkrådets nettsider, men desse må òg innarbeidast i vedtaksbasen og sjølvsagt takast med i NHN.

#### 4.4. Andre kjelder – operativ normering

Som nemnt ovanfor, nemner retningslinjene for normering også «normative publikasjonar frå Språkrådet» som ein type kjelde for normering av norsk. Eksempel på slike publikasjonar er Språkrådets termwiki, Språkrådets svarbase og listene med geografiske og historiske namn som er publiserte på Språkrådets nettsider.

I tillegg til dette må ein rekne med det ein kan kalle for *operativ normering*. Dette er utsegner om tilrådde skrivemåtar som Språkrådet gir, først og fremst i svar på språkspørsmål på e-post eller i telefonen. Det kan vere tilfelle der ordbøkene og dei eksisterande normeringsvedtaka ikkje gir klare svar, men der sekretariatet i Språkrådet vurderer det slik at det ikkje er naudsynt å ta vegen om formell sakshandsaming i fagrådet for normering og språkoobservasjon og Språkrådets styre. Eit konkret døme på operativ normering er det når Språkrådet på spørsmål tilrådde skrivemåten *RIB* eller *ribb* for den båttypen som på engelsk heiter *rigid-hulled inflatable boat*. Desse skrivemåtane er komne inn i Norsk ordbank og har òg fått artiklar i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, og dei må såleis seiast å vere normerte. Òg utsegner som berre står i eit e-postsvar, må vurderast å ha ei viss normerande kraft.

### 5. Utval av kjelder til ordboka

Nasjonalbiblioteket i Noreg har gjort ca. 250 000 bøker digitalt tilgjengelege i eit nettbibliotek. Bøkene blir publiserte som faksimile (biletfil) og er søkbare (Nasjonalbiblioteket). Bokutvalet omfattar også norske ordbøker og ordlister, som med

få unntak er digitalt tilgjengelege for alle med norsk IP-adresse. Denne ressursen kan spele ei viktig rolle i eit normeringsordbokprosjekt. I tillegg gir denne tenesta frå Nasjonalbiblioteket på ein enkel måte oversikt over det som er gitt ut av norske einspråklege ordbøker og ordlister, og det er dei som er interessante i denne samanhengen.

Som vi peikte på i del 2, har vi fram til i dag hatt til saman tolv forskjellige skriftnormalar for bokmål og nynorsk. Etter ei reform vil det naturleg nok vere behov for å informere om endringar i nye utgåver av ordlister og ordbøker, og såleis har normeringshistoria medverka til at denne sjangeren er heller talrik. Det er derfor ei viktig oppgåve å peike ut dei verka som skal danne grunnlaget for normeringsordboka i den forstand at dei uttrykkjer den offisielle skriftspråknorma for si tid.

Ser ein på utvalet av ordbøker og -lister, så varierer dei sterkt i omfang, frå korte ordlister til tjukke ordbøker. Mange har knappe bøyingsopplysningar, kanskje er berre kjønnet på substantivet gitt opp, mens andre gir opp heile bøyingsparadigme. Dei fleste hevdar autoriteten sin gjennom ei offisiell godkjenning (av departementet eller eit organ som Språkrådet).

Det er dermed fleire faktorar å ta omsyn til når ein skal peike ut referanseverka, men omfanget, både av oppslagsord og bøyingsinformasjon, vil vere eit viktig kriterium. I tillegg må informasjonen sjølvstøtt vere pålitande.

Det krev god kjennskap til norsk normeringshistorie for å vurdere kva for ordlister og ordbøker for nynorsk og for bokmål som kan utgjere grunnlaget for normeringsordboka. Det må gjerast eit utval for kvar reform, og for nokre av normalane kan det vere aktuelt å ta med fleire referanseverk som kan utfylle kvarandre. For dei fleste aktuelle verka er det mogleg å sjå faksimile av originalane i nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket. Når det gjeld dei tidlegaste reformene, er det ikkje lenger knytt opphavsrett til dei aktuelle referanseverka, og for dei siste reformene (1981 og 2005 for bokmål, og 1959 og 2012 for nynorsk) ser vi at *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* er dei sentrale referanseverka. Dette er verk som Språkrådet er deleigar i, og dermed er spørsmålet om opphavsrett enklare. Når det gjeld bokmål, så må det nemnast at det vi i dag kjenner som *Tanums store rettskrivningsordbok* (og som har komme i talrike utgåver frå 1940), ville vore eit naturleg referanseverk. Utgåvene av denne ordboka finst ikkje fritt tilgjengelege i nettbiblioteket, men målet må vere å få til ein avtale om tilgang. Det er mogleg for forlag å reservere seg mot å bli innlemma i nettbiblioteket, og det er truleg tilfellet her. *Bokmålsordboka* kom første gong i 1986 og spegla då 1981-normalen, mens Tanum kunne vore ei nyttig kjelde for bokmålsnormalane frå 1938 og 1959.

## 6. Korleis ordboka kan utformast

Vi skal gi nokre døme på korleis informasjon frå referanseverka kan stillast saman til ein artikkel i normeringsordboka. Her er det all mogleg grunn til å leggje vekt

på *kan*, for det er mange ulike løysingar, alt etter kor mykje ein er villig eller har høve til å investere av ressursar.

Figur 1 viser normeringshistoria til substantivet *sykkel*, som er døme på eit ord med ei enkel normeringshistorie, presentert i tabellform. Dette minner om måten informasjon er presentert på i SAOL<sub>hist</sub> og RO<sub>hist</sub>.

1907	1910	1917	1938	1941	1959	1981	2005	2012
<i>cykkel</i>		<i>sykkel</i> (bm) <i>sykkel</i> (nn)					<i>sykkel</i> <i>sykkelen</i> <i>sykler</i> <i>syklene</i>	<i>sykkel</i> <i>sykkelen</i> <i>syklar</i> <i>syklane</i>

Figur 1: Døme på korleis eit ord med enkel normeringshistorie kan presenterast.

Her er informasjonen ekspandert med fulle bøyingsparadigme i gjeldande normal, men dette kan sjølvsagt forenklast slik at det berre er oppslagsforma som er synleg og klikkbar. Oppslaget viser at den normerte skrivemåten var *cykkel* i bokmålsrettskrivinga frå 1907, og at han vart norvagensert til *sykkel* i begge målformene i 1917. Når det ikkje er gitt opp noko informasjon om skrivemåten i nynorsk før 1917, heng det saman med at ordet ikkje er å finne i dei valde referanseverka før den tid. Det er elles lagt inn hyperkoplingar i framstillinga slik at klikk på oppslagsordet vil føre brukaren til det valde referanseverket. Med denne løysinga vil ein berre få fram dei opplysningane som kjem fram i ordliste-/ordboksoppslaget. Annan implisitt informasjon, som til dømes tillaten infinitivsending, må ein då søke opp i forord eller andre framstillingar av reforma. Det er ei løysing som krev mykje av brukaren, men som er mindre ressurskrevjande å lage.

Det andre dømet vi skal sjå nærare på, er verbet *stjele/stele*, eit ord med ei temmeleg omfattande normeringshistorie. Her er det så mykje informasjon som skal formidlast, at tidslinje i tabellform ikkje eignar seg, jf. figur 2. Det har skjedd talrike endringar frå dei første normalane fram til i dag i begge målformene.

2012 (nn)	stele/stela (+ kløyvd inf.) – stel – stal – stole
2005 (bm)	stjele – stjeler – stjal – stjålet
1981 (bm)	stjele [stjela] – stjeler – stjal – stjålet stele [stela] – steler – stal – stålet
1959 (nn)	stele/stela [+ kløyvd infinitiv] – stel [steler] – stal – stole/stoli
1941 (nn)	stela – stel – stal – stole
1941 (bm)	stjele – stjeler – stjal – stjålet
1938 (nn)	stela (+ kløyvd inf.) [stele] – stel [steler] – stal – stoli



1938 (bm)	stjele [stjela] – stjeler – stjal – stjålet stele [stela] – steler – stal – stålet
1917 (bm)	stjele – stjeler – stjal – stjålet
1917 (nn)	stela/stele [kløyvd inf. for elevar] – stel/steler – stal – stole
1907 (bm)	stjæle – stjæler – stjal – stjaalet
1901 (nn)	stela – stel – stal – stole

Figur 2: Døme på korleis ord med kompleks normeringshistorie kan presenterast.

Ein viktig grunn til dette er den skiftande statusen til infinitivsendinga, særleg i nynorsk, men også i bokmål. Infinitivsendinga i nynorsk kan som kjent anten vere *-a* eller *-e*. Som skrivar kan ein velje, og så held ein på same endinga gjennom heile teksten. I tillegg kjem systemet vi kjenner som kløyvd infinitiv, der infinitivsendinga skifter mellom *-a* og *-e* etter gamle kvantitetsforhold. Dette systemet er levande i enkelte moderne dialektar, og det er framleis mogleg å reflektere systemet i nynorsk skriftmål i dag. I bokmål fall kløyvd infinitiv ut i 2005. Også i denne framstillinga er det laga hyperkoplingar til dei aktuelle referanseverka, men igjen kan ein merke seg at ein del av normeringsinformasjonen ikkje er å finne på oppslagsplass, men er generelt formulert, ofte i føreordet. Det gjeld typisk informasjon som omfattar ei heil ordgruppe, som til dømes at det er høve til å bruke både e-infinitiv og a-infinitiv i nynorsk.

## 7. Konklusjon

Det norske språksamfunnet manglar ei einskapleg framstilling av normeringshistoria til enskildord. Både som del av grunnforskinga for å dokumentere den nyare språkhistoria og som praktisk ressurs for å kunne svare når Språkrådet får spørsmål om historiske endringar i norma, er det viktig å gjere den fragmenterte informasjonen som finst på feltet, tilgjengeleg. Den norske normeringshistoria med hyppige rettskrivingsendringar talar i seg sjølv for ei samla framstilling. SAOL<sub>hist</sub> og RO<sub>hist</sub> kan fungere som gode føredøme for ei norsk normeringsordbok.

Det må peikast ut referanseordbøker og -ordlister som uttrykkjer den operative norma for kvar reform, og i tillegg må årsmeldingane til Språkrådet utgjere ein del av grunnlaget for normeringsordboka. Det er viktig å streke under at mykje informasjon om skrivemåte og bøyning blir oppfatta som implisitt informasjon. Det inneber at mykje (og viktig) formalinformasjon ikkje kjem fram i ordlisteoppslaget/ordboksartikkelen, men må i beste fall leitast opp i rettleiinga/forordet til ordlista/-boka. Dette kan vere problematisk dersom skrive- og bøyingsmåte skal søkast fram maskinelt.

Etter at språksamlingane og ordbøkene vart overførte frå UiO til UiB, ligg det



no til rette for at det kjem eit leksikografmiljø ved UiB. Eit normeringsordbok-prosjekt bør sjåast i samanheng med oppbygginga av eit slikt miljø.

## Litteratur

### Ordbøker

*Bokmålsordboka*. <<http://ordbok.uib.no>> (september 2017).

*Nynorskordboka*. <<http://ordbok.uib.no>> (september 2017).

RO<sub>hist</sub>. <<http://rohist.dsn.dk/>> (september 2017).

SAOL<sub>hist</sub>. <<http://spraakdata.gu.se/saolhist/>> (september 2017).

*Tanums store rettskrivningsordbok*. (2015). 10. utgave. Oslo: Kunnskapsforlaget.

### Annan litteratur

Grønvik, Oddrun & Christian-Emil Ore (2018): Bokmål og nynorsk samindeksert – Metaordboka som verktøy for jamføring og utforskning av ordtilfang. I: *Nordiske Studier i Leksikografi* 14 (denne utgivinga). Reykjavík: NFL & Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum, 87–95.

Nasjonalbiblioteket. <<https://beta.nb.no/search>> (september 2017).

Norsk ordbank for bokmål. <<http://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=72&tabid=1106>> (september 2017).

Norsk ordbank for nynorsk. <<http://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=73&tabid=1116>> (september 2017).

Språkrådet (2015): *Retningslinjer for normering. Nynorskversjon*. <<http://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-nynorskversjon.pdf>> (september 2017).

Språkrådets termwiki. <<http://www.termwiki.sprakradet.no/wiki/Hovedside>> (september 2017).

Årsmeldingar frå Norsk språknemnd, Norsk språkråd og Språkrådet. <<http://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=241&tabid=3173>> (september 2017).

Sturla Berg-Olsen  
seniorrådgivar, dr.art.  
sturla.berg.olsen@sprakradet.no

Knut E. Karlsen  
seniorrådgivar, ph.d.  
knut.e.karlsen@sprakradet.no

Dagfinn Rødningen  
seniorrådgivar, cand.philol.  
dagfinn.rodningen@sprakradet.no

Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
NO-0032 Oslo